

---

Saksnr: 2020/309-3  
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda		15.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

**Oppnemning av styremedlem til Idrettsklynge Vest**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget nemner opp .....som styrerepresentant for Idrettsklynge Vest
2. Fylkestinget gjer fylkesrådmannen mynde til å utnemne representantar frå administrasjonen til arbeidsgruppa i Idrettsklynge Vest

**Samandrag**

Idrettsklynge Vest (IKV) skal styrke samhandlinga kring arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og -formidling. Visjonen er «styrke i samspel». Aktørane i samarbeidet er Vestland fylkeskommune, Vestland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Bergen kommune, Helse Bergen, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Sportsklubben Brann. Fylkesordførar har vore styreleiar i Idrettscampus Bergen.

Styringsgruppa tilrår vidareføring av samarbeidet gjennom oppretting av idèellt AS. Forslaget er at samarbeidet skal takast vidare i Idrettsklynge Vest og at Vestland fylkeskommune skal gå inn som aksjonær i dette selskapet. Fylkestinget nemner opp representant til styret jf. Pkt. 4 i samarbeidsavtalen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Idrettsklynge Vest AS - samarbeidsavtale  
30.10.2020



## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det vert vist til den andre saka om Idrettsklynge Vest, som vert handsama parallelt i Fylkestinget.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val etter innstilling frå valnemnda, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6 og reglement for valnemnda punkt 2.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**

Ingen økonomisk konsekvens

**Klima:**

Ingen relevans

**Folkehelse:**

Idrettsklynge Vest (IKV) skal styrke samhandlinga kring arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Idrettsklynge Vest legg FN sine berekraftsmål til grunn for sitt arbeid.

Arbeidet støttar opp om mål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland og visjonen om å vere nyskapande og berekraftig. Arbeidet er forankra i regionale planar og fremmar medverknad og samhandling.